



Bjørn Erling Waage Lynghaugen
Kistebakkane 94
5137 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2688 - 14/20414

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
30.12.2014

Avslag på søknad om SMIL-midlar for 2014 til restaurering av driftsbygning på GBNR 49/1 i Meland

Administrativt vedtak. Saknr: 379/2014

Saksutgreiing:

Meland kommune vart for 2014 løyvd kr 230 000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i 2012 ein ny Smil- strategi for 2012-2015 med prioriteringar og satsar for kostnader.

Søknadsfrist var 01.juni 2014.

Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 17 søknader, m.a. frå Bjørn Erling Waage for gnr. 49. bnr. 1.

Bjørn Erling Waage har søkt om tilskott til: restaurering/opprustning av lœ.

Miljøplan trinn 2 er ikkje krav for søkjær.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har registrert miljøverdiar på arealet. Det er registrert eit yngleområde for svartbak på den nordvestre teigen (Skorpo), ein teig ligger ved siden av eit område med naturbeitemark og hovudteigen ved siden av eit bløtbunnområde (Leira).

Vedlegg til søknaden som er levert:

Bruket har eit jordbruksareal på 40 daa, 80,5 daa skog og 92,6 daa anna areal. Driftsforma på bruket er utegangarsau.

Kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet.

Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m.

Overordna prioriteringar

1. *Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.*
2. *Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe middel skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.*
3. *Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø*
4. *Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking*
5. *Kartlegging av korleis dei tiltaka som har fått tilskott i perioden 2004 til 2011 har utvikla seg etter kvart..*

Vidare vil føretak som driv aktivt gå føre føretak som ikkje driv. Nyetablerte kan prioritertast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Tematisk vil ein ha slik prioriteringsrekkefølgje ved tildeling av midlar:

1. *Planlegging av fellestiltak.*
 - Felles kartlegging knytt til avrenning frå landbruksareala
 - Felles beitetiltak i utmark – kystlynghei og strandengar
2. *Biologisk mangfald.*
 - Område som nemnd i naturtypekartlegginga vil verta prioritert
3. *Gamal kulturmark.*
 - Skjøtsel av lymhei
 - Tiltak i beitebruksplanar
 - Rydding og inngjerding av innmarksbeite inkludert beiteskog
 - Bruk som har husdyr for å skjøtta kulturlandskapet, men ikkje mottek produksjonstilskot.
 - Natureng jf. naturtypekartlegginga
4. *Tilgjenge, opplevingskvalitet.*
 - Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak herunder utviding av eksisterande stinett
 - Tiltak som førebygg konfliktar mellom landbruk og allmenta t.d. sjølvlukkande grinder, gjerdekklyv vil verta prioritert.
5. *Kulturminne og kulturmiljø.*

- Restaurering og/eller rydding langs tørrmurar herunder bakkemurar, steingardar, torvhús, potekjellarar, kanalar m.m.
- Restaurering av småhus og byggverk knytt til særmerkte driftsformer i kommunen t.d. smier, kvernhus, ishus og vargotter (steinmoloer i sjø for varelevering).
- Medverka til å utvikla kulturmiljøet knytt til Ypsøy kystgard

6. Freda og verneverdige bygningar.

- Naustmiljø, grindbygg, skjeneflorar, gardflorar (vårfloorar) sjøbuer og andre bygningar knytt til kystkulturen. Vurdering:

Tematisk prioritering: 6

Prioritering totalt sett: 17

Søknaden vert avslått då det til årets løying av SMIL-midlar er kome inn mange søknader, og ein har difor ikkje funne rom for å prioritera midlar til større restaureringsprosjekt i årets pott. Søkaren kan söke om SMIL-midlar igjen ved neste års utdeling.

Det er høve til å sökja kommunale kulturmidlar, som har søknadsfrist i mars 2015. Sjå kommunen si heimeside for meir informasjon.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Io er tiltaket ikkje i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf §§ 8-12).

Vedtak

”Meland kommune avslår søknad om tilskot til restaurering av driftsbygning frå Bjørn Erling Waage på gnr. 49. bnr. 1 på grunn av lite smil-midlar.

Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i ”Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet”.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbruksjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SMil søknad 2014 -Bjørn Erling Waage - avslag

Kopi til:

Fylkesmannen si landbruksavdeling Postboks 7315 5020

BERGEN

Mottakere:

Bjørn Erling Waage Lynghaugen

Kistebakkane 94

5137

MJØLKERAÅEN